# REFERAT FRÅ MØTE I SAMARBEIDSUTVALET

| Dato | 09.12.20 | Tid | 17.30- 19.30 | Stad | Digitalt møte, Teams |
|---|---|---|---|---|---|

| Namn | Repr. |
|---|---|
| Anita Vindenes | Leiar i FAU, nestleiar i SU, kunne ikkje møte |
| Kathrine Mydland-Aas | Nestleiar i FAU |
| Magnus Straume | Leiar i elevrådet |
| Vilde Falck-Eikemo | Nestleiar i elevrådet |
| Renate Landro Lie | Lærarar, leiar i SU |
| Bernt Arvid Vevle | Lærarar |
| Hildegunn Turøy | Andre tilsette |
| Nils Kåre Skoge | Politisk representant |
| Bente Kleppe Lervik | Øygarden kommune, rektor |

## SAKER:

| | |
|---|---|
| | **Evt merknader til innkalling og referat:** Referatet vart godkjend med ein merknad om å endre til rektor i Øygarden i staden for Fjell kommune. Det kom eit spørsmål til referatet om tidlegare rektor, *Anne Merete V Haugane*, hadde vore leiar i SU tidlegare. |
| 12/20 | **Saker frå rektor**<br>• <u>Smittevern:</u> Det har vore diskutert på nasjonalt nivå om dei to siste dagane før jul bør vere organisert som fjernundervisning med tanke på å unngå smitte like før juleferien. KKL har vedteke at det ikkje vert fjernundervisning i Øygarden dei to siste dagane. Det er likevel høve til å planlegge for færre smittenettverk dei siste dagane før jul.<br>• <u>Ekskursjonsplan:</u> Skulen vil revidere planen, og ønsker innspel frå elevrådet og FAU i løpet av våren på kva dei tenker planen bør innehalde.<br>• <u>Yrkesrettleiing og innsøking til vidaregåande skule:</u> |

| | |
|---|---|
| | ○ Alle klassane på 10.trinn har hatt besøk og fått informasjon frå Sotra vgs. og Laksevåg og Bergen maritime vgs. Det er sendt sms til føresette etter kvart besøk. Elevane har hatt med seg informasjonshefte frå skulane heim.<br>○ Alle føresette til individuelle søkjarar til1. feb. har vore på fysiske møte. Dei vil kunne søke fysisk med rådgjevar i heile januar.<br>○ Tilbod om Teamsrettleiing til elevar og føresette på kveldstid. Foreldremøte med heile trinnet i kantina i januar vert erstatta av 6 klassemøte på Teams<br>○ Yrkesmessa i Sotra Arena går ut og vert erstatta av digital messe 9. februar, som både elevar og føresette vil ha tilgang til.<br>○ Elevane søker vgs på skulen i utdanningsvaltimen med rådgjevar som vanleg.<br>Vi har ikkje takka ja til tilbod som medfører at fleire klassar vert blanda.<br><br>• <u>MOT som samfunnsbyggjar :</u> Dei fire ungdomsskulane i kommunen er MOT-skular. Dette er forankra politisk. Vi har avtalt MOT foredrag for alle tilsette på skulen og foredrag for foreldre. Vi må avgjere om dette skal gjennomførast digitalt dersom det ikkje er mogleg å ha fysiske møte.<br>• <u>Transponder</u> er teken i bruk som digital meldebok. Fint om vi kan ha ei evaluering utpå våren om korleis elevar og føresette opplever ordninga. |
| 13/20 | **Saker frå FAU**<br>Ingen saker til dette møtet. |
| 14/20 | **Saker frå elevrådet**<br>• <u>Trivselstiltak:</u> Elevrådet hadde planar om å bake lussekattar til Luciadagen. Dette kunne ikkje gjennomførast som planlagd på grunn av smittevernsituasjonen.<br>• Det er svært viktig for elevane at <u>valentinsballet</u> vert arrangert dersom det er mogleg.<br>• <u>Skuleskyss</u>: Forslag om at det bør gå skulebuss frå Snekkevik. Vilde sender e-post med innpel til rektor. |

| | |
|---|---|
| 15/20 | **Eventuelt**<br>Dei fysiske forholda gjev utfordringar med tanke på å kunne halde avstand. Skulebygget treng generelt ei oppgradering. SU vil arbeide vidare med denne saka. |

**Møtedatoar våren 2021**: 3. februar, 24. mars og 26. mai

Fjell ungdomsskule 10.12.20

Bente Kleppe Lervik
Rektor

ADRESSE: Bjørkestølen 41, 5353 Straume
TELEFON: 55 09 77 00
NETTSIDE: www.fjell.no/fjellungdomsskule
E-POST: fjellungdomsskule@fjell.kommune.no